



Else Marie Nødtvedt  
Radøyvegen 1552  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13630 - 22/87955

Saksbehandlar:  
Per Sveinar Morsund  
per.sveinar.morsund@alver.kommune.n  
o

Dato:  
17.11.2022

## Svar på førespurnad om tvangsmulkt - gbnr 449/32 Nøttveit

**Tiltak:** Bruk av næringsareal til bustad  
**Byggjestad:** Gbnr 449/32 Radøyvegen 1550  
**Tiltakshavar:** Else Marie Nødtvedt

### Saka gjeld

1. Brev med førespurnad om stopp i tvangsmulkt.
2. Brev med klage på lang saksbehandling og tvangsmulkt

### Brev med førespurnad om stopp i tvangsmulkt

Du har i brev av 04.11.22 opplyst at du i perioden for oktober og november ikkje tar husleie og at leigetakerar er sagt opp frå 01.12.22. Det er også stadfesta frå leigetakar at husleie ikkje vil bli krevd inn før bustad eventuelt er godkjent for bruk.

Som det går fram av tidlegare brev frå kommunen har vi etter ei konkret vurdering avventa med oppfølging av delar av det ulovlege tilfellet, men at vi ikkje såg det rimeleg at du hadde leigeinntekter frå eit ulovleg utleigeforhold og difor følgte opp den delen av pålegget som gjaldt ulovleg bruk. Sidan du no har stadfesta at du ikkje har leigeinntekter vil kommunen avvente med å krevje inn ytterlegare tvangsmulkt fram til søknaden er handsama. Vidare oppfølging vil bli vurdert etter dette.

### Brev med klage på lang saksbehandling og tvangsmulkt

Miljø og tilsynsavdelinga ber om ei tilbakemelding på om dette brevet datert 17.10.22 skal sjåast på som ein klage på tvangsmulkt som skal realitetsbehandlast i kommunen. Eg gjer merksam på at pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt vart gitt den 30.09.21. Klagefristen på dette vedtaket var då 3 veker frå dette tidspunktet. Det er difor påreknleg at den noværande klagen vil bli avvist då det ikkje er noko i klagen slik den er lagt fram som tilseier at ein skal gje utsatt klagefrist.

Vi ber difor ein tilbakemelding **innan 05.12.22** på om du ynskjer at brevet datert 17.10.22 skal behandlast som ein klage på pålegg i saka datert 30.09.21. Du kan også supplere med meir informasjon om du ynskjer det.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/13630

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Else Marie Nødtvedt

Radøyvegen 1552

5936

MANGER